



Stølsheimen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Voss. Park Hotell Vossevangen
Dato: 20.11.2023
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Orienteringar:
Skjøtselstiltak 2023 - Nils Kvamme

SNO v/Kristoffer Ullern Hansen orienterer om arbeidet i 2023. Dette legg grunnlaget for tinging av SNO-ressursar i 2024

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 23/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 24/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 25/23	Orienteringar og referatsaker		
RS 14/23	Referat - dialogmøte Stølsheimen verneområdestyre og rådgjevande utval 28.08.23 - 29.08.23		2019/18547
RS 15/23	Renovasjonsordning - veglause grender i og nær Stølsheimen landskapsvernområde		2022/575
RS 16/23	Notat - møte om skjøtselsarbeid i Finnabotnen - 20.10.23		2023/15986
RS 17/23	Dispensasjon - Stølsheimen landskapsvernområde - plukke og transportere stein - Fjærestadhola til sti i Sendedalen		2022/15789
ST 26/23	Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - flytting av badestamp - gnr. 67 bnr. 3 i Vik kommune		2023/12201
ST 27/23	Stølsheimen verneområdestyre - tiltaksplan og SNO-ressursar 2024		2023/16900
ST 28/23	Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2024		2023/16607

ST 23/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 24/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 25/23 Orienteringar og referatsaker



**Stølsheimen
verneområde**

Postadresse
Stølsheimen verneområde
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3129
sfvlpost@statsforvalteren.no
www.nasjonalparkstyre.no/Stølsheimen

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2019/18547-0 432.2

Dykkar ref. «REF»

Dato 08.09.2023

Referat - dialogmøte Stølsheimen verneområde og rådgjevande utval 28.08.23 - 29.08.23

Møtet i rådgjevande utval (RU) vart gjennomført som dialogmøte med Stølsheimen verneområde. Deler av møtet var synfaring i område frå Kvilesteinsvatnet til Selhamar, og møte inne på turisthytta på Selhamar.

Deltakarar frå rådgjevande utval:

Lars Kn. Mørkve, grunneigarlag Voss

Ola Engum, grunneigarlag i Vik

Johnny Bjørge, Bergen og Hordaland Turlag (deltok på møte på turisthytta på Selhamar)

Olav J. Bøtun, villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Hildegunn Mugås, Fjellheimen villreinutval

Lisbeth Dahle, Høgskulen i Vestland

Øistein Aasland, Statsforvaltaren i Vestland

Deltakar frå Stølsheimen verneområde:

Sigbjørn Hauge

Marta Sofie Vange

Kristina Vaktshjold Hamre

Andre deltakarar:

Kristoffer Ullern Hansen, SNO

Verneområdeforvaltarar og sekretær for møtet:

Anbjørg Nornes.



Figur 1 Møtedeltakarar utfor turisthytta på Selhamar. Foto Lars Kn. Mørkve

Synfaring til dammen i Vassøyane

I innkallinga til dialogmøtet var det sett opp i programmet synfaring og orientering om oppdemminga av Vassøyane. Deltakarane på synfaringa gjekk til damanlegget i Vassøyane. Sissel Hauge Myklatun, Eviny AS sin representant i RU, hadde ikkje høve til å delta på samlinga, men sendte ei orientering som kunne leggjast fram på møtet. Orienteringa vart lagt fram på synfaringa, og er kopiert inn i referatet:

«Søndre deler av Vassøyane er demmet opp omtrent 6 m i 1986. Vassøyane har fast høyde, og blir ikke senket for kraftproduksjon. Vannet blir bare senket i forbindelse ved arbeid på dammen eller i tilknytning til tunellen.

Bakgrunnen for oppdemming, og ikke bare et tradisjonelt bekkeinntak, er at vannet er overført til Holskard. Når Holskard er fullt, har det magasinet samme vannstand som Vassøyane. Hadde ikke Vassøyane liggest så høyt, ville vann fra Holskard runnet inn i Vassøyane når Holskard fikk høyere vann enn Vassøyane.

Når det gjelder forståelse av hva som er søknadspiktig i forbindelse med vedlikehold, er Eviny uenige i Miljødirektoratet sin tolkning av lovverket. Det kan virke som Miljødirektoratet har sett helt sitt bort fra konsesjonen, og forholdt seg til hjemler i vannressursloven. Eviny har forsøkt å ta kontakt med miljødirektoratet direkte, men har ikke lyktes å komme i kontakt med saksbehandleren hos miljødirektoratet enda. Fra Eviny side anses saken som ikke "avklaret».



Forestående arbeid:

- *Vassvegen mellom Holskard – Vassøyane – Indre Askjelldalen er under revurdering. Dokumentasjonen vedr. revurderinga er ikkje ferdig. Som eit resultat av revurderinga kan ein pr. i dag ikkje sei noko endeleg vedr. behov for tiltak i tilknytning til vassvegen.*

Det kan verte behov for ein eller fleire tømningar av Vassøyane, heilt eller delvis, som eit resultat av revurderinga av vassvegen.

- *Det kan vere behov for tømning av Torvedalstjørni i tilknytning til framtidig revurdering av dammen her.*

Uavhengig av revurderingane nemnt framfor, kan det oppstå situasjonar/hendingar som betyr behov for tiltak/vedlikehald av vassveg/vassdragsanlegga elles, som ligg innanfor Stølsheimen landskapsvernområde. Dette kan medføre behov for nedtapping (heilt eller delvis)/tiltak, innanfor landskapsvernområdet».

Verneområdestyret og RU hadde ingen vidare oppfølging etter orienteringa.



Figur 2 Damanlegg i sørenden av Vassøyane. Foto Anbjørg Nornes

Orientering om saker handsama av Stølsheimen verneområdestyre

Anbjørg Nornes orienterte om saker handsama frå oktober 2022 til 28.08.2023, og tiltaksplan for 2023.



Saksnr.	Styresaker
33/22	Solcellepanel - Haltsetstølen
34/22	Drifta av styret 2023
35/22	Tiltaksplan og bestilling av SNO-tenester, 2023
4/23	Uttale – marin verneplan Sognefjorden
5/23	Retningslinjer solcellepanel
6/23	Hallsetstølen - solcellepanel
7/23	Prioritering tiltaksmidler 2023
11/23	Ny heilårsbru – Åsedalen
15/23	Motorferdsel – bygge 420 kV kraftledning Refsdal-Modalen
16/23	Kvisting skiløype Vikafjellet - BHT
17/23	Åsedalen-Hallsetstølen – utbetring av sti
21/23	Finnabotnen - badestamp
22/23	Finnen – endra fasade: vindauge og terrasse

Saksnr.	Delegerte saker
1/23	Kjentmannstur – evakueringsrute rv 13-Finnbunuten - SVV
2/23	Rappen – motorferdsel - materiale
3/23	Mørkves-Grøndalen – motorferdsel – snøskuter - materiale
4/23	Grøndalen – snøskuter – materiale
5/23	Finnabotnen – motorferdsel – bru og avfallsplass
6/23	Justering av basestasjon for bjøllesystem
7/23	Åsedalen-Hallsetstølen – motorferdsel – stein til sti

Orienter om tiltaksmidler 2023

Kort omtale av tiltak	Revidert budsjett
Skjøtsel av kulturlandskap	
Prosjektleiing	25 000
Sylvarnesdalen - slått selbøen	10 000



Smørklepp og Fidnaselbøen - slått med ryddesag	6 000
Negardstølen, tistelfjerning, nyrenningar	5 000
Rosete - tistelfjerning	5 000
Skjøtsel i Finnabotnen jf. Skjøtselsplan, Botnastølen, Flåten, innmark rundt tunet. Styva 2 almar	35 000
Hest - rydde sprake	15 000
Ytstestølen - ettersyn	4 000
Solrenningane - tueslått	0
Bjørkestølen, rydde skog i randsona	15 000
Åsedalen og Hallsetstølen, ettersyn	5 000
Vatnane - fjerna tre og kratt	20 000
Brydalen - rydde tre og kratt	20 000
Mørkves - Grøndalen	15 000
Skjøtsel av stølsvegar og stiar	
Planlegging, restaurering av buføresti frå Ålrek til Skardsvatnet	30 000
Sti til Åsehidleren, rydda	20 000
Sti Finnabotnen - Fagerdalen, eit punkt + etterrydding	15 000
Sti Finnabotnen til Vetlehovden på sti til Finnen	10 000
Vedlikehald stien i Sendedalen	30 000
Tilretteleggingstiltak	
Bru til Granden, ferdigstilling	5 000
Opprydding strandsona, søppelplass	50 000
Informasjonstiltak	
Planlegging av infrastruktur innfallspørt Modalen og Voss	
Parkeringsplass på Brekke	30 000
Design temaskilt	30 000
Innkjøp skilt	50 000
Montering av skilt (Høyanger, Vik, Voss og Modalen)	50 000
overført til Nærøyfjorden	200 000
SUM	700 000

Innspel frå RU til tiltak i 2024:

- Halda fram med tiltak på våte parti på stien inn Sendedalen, frå Rv. 13 til Lars-Olavatnet. Det bør vurderast å gjera tiltak på stien i Mørkves-Grøndalen.
- RU fekk spørsmål frå styret kva dei meinte om rydding av sti mellom Finnen og Finnabotnen. RU meiner det berre bør ryddast stiar dersom grunneigarane er positive til tiltaket.
- RU var kritiske til at tiltaket på vegmurane på stølsstien frå Ålrek mot Vøvringen ikkje er gjennomført endå. Dette tiltaket har vore sett opp som tiltak fleire år, og stenger for at andre tiltak vert sett opp på tiltaksplanen. Forvaltar informerte om at tiltaket vert planlagt i år, og lagt ut på anbod for gjennomføring i 2024.
- Det bør prioriterast rydding av stiar til stølar, og stiar med stor ferdsel, slik at fleire kan få glede av tiltaka. Stiar som er rydda bør marknadsførast slik at fleire går på stien. Høg



bruk er viktig for at stien vert halde open etter istandsetting. Det kom framlegg om å ha møte med turlaga for å gjera tiltaka på stiane kjent.

Oppføring av naust i Stølsheimen verneområdestyre

Bergen og Hordaland Turlag har sendt søknad til verneområdestyret om bygging av naust i Solrenningane. RU kom med generelt råd om bygging av naust i landskapsvernområdet. Dei påpeika at nausta ikkje bør vera dominerande i landskapet, og bør vera tilpassa landskapet der naustet skal byggast. Nausta som er bygde i landskapsvernområdet er nøkternt utforma, og er tilpassa behovet for vinterlagring av båtar. Dei meiner eit naust må vera tilpassa dagens behov, storleiken på vassdraget, og kor mange som er brukarar av naustet.

Val av nestleiar for RU for to år (2024/2025)

Det kom framlegg om attval av Lisbeth Dahle som nestleiar for RU. Lisbeth Dahle vart valt for to år, 2024 og 2025, med akklamasjon.

Synfaring på stien gjennom ura under Raudberget.

Det har kome spørsmål til verneområdeforvaltninga om det er mogleg å utbetra stien gjennom ura under Raudberget. RU meinte det berre bør vera enkel tilpassing av stien gjennom ura for å gjera det betre å gå i ura. Det bør ikkje byggjast sti, men legge steinar i ura betre til rette, slik at det vert lettare å gå på steinane.



Figur 3 Ura under Raudberget, der den T-merka stien går gjennom. Foto Anbjørg Nornes



Tur til toppen av Raudberget

Ved varden på toppen av Raudberget har Vestland bjøllelag sett opp ei antenne for å få dekning for elektroniske bjøller på sauer som beitar i området. Anlegget er godt synleg når ein står på toppen, men er ikkje synleg på lang avstand. RU meiner tiltaket ikkje har stor verknad på landskapet. Det er eit godt tiltak for å få fleire beitedyr i Stølsheimen. Beitedyr er eit av dei viktigaste tiltaka for å ta vare på kulturlandskapet i Stølsheimen.



Figur 4 Toppen av Raudberget med antenneanlegget. Foto Anbjørg Nornes

Innkommne saker

Det var ikkje kome inn saker til RU innan fristen på 14. dagar.

Nytt dialogmøte 2024

På neste dialogmøte ynskjer verneområdestyret og rådgjevande utval ei synfaring i område med skjøtselsarbeid. Tur til Fossesete og Rosete kom opp som framlegg til stolar der det har vore gjennomført skjøtsel over mange år. Det vart fastsett å ha dialogmøte hausten 2024 på Vatnane. Turen går frå Tenne vidare til Fossesete, møte og overnatting på Vatnane, og tur via Rosete til Nese neste dag. Overnatting vil vera i Bergen og Hordaland si turhytte på Vatnane. I tillegg vil det vera bruk for å leige ei av dei private stølshusa for overnatting.



Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Verneområdeforvaltar Jorunn Vallestad
Verneområdeforvaltar Maria Baudonnel Underdal
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell
Voss Utferdslag
Administrativt kontaktutval for Stølsheimen
Strendene grunneigarlag v/Harald Hamekam
Arnafjord grunneigarlag v/Endre Nese
Framfjorden grunneigarlag v/Leiv Johannes Balevik
Indrefjord grunneigarlag v/Ledvin Dale
Eksingedalen grunneigarlag v/Magnar Nese
Holbygdi grunneigarlag v/Oddvin Sundve
Myrkdalen grunneigarlag v/Leif Arne Lirhus

Mottakerliste:

Stølsheimen verneområdestyre v/Sigbjørn Hauge
Stølsheimen verneområdestyre v/Liv-Anne Aanesen
Stølsheimen verneområdestyre v/Marta Sofie Vange
Stølsheimen verneområdestyre v/Petter Sortland
Stølsheimen verneområdestyre v/Kristina Vakt skjold Hamre
SNO Aurland
Eviny v/Sissel Hauge Mykletun
Grunneigarar Modalen v/Anders Steinsland
Grunneigar Vaksdal v/Arne Nesheim
Villreinutvlalet for Fjellheimen
Statsforvaltaren i Vestland v/Øistein Aasland
Ortnevik Utmarkslag v/Joar Oppedal
Bergen og Hordaland Turlag v/Johnny Bjørge
Naturvernforbundet Hordaland/Sogn og Fjordane
Myrkdalen grunneigarlag v/Lars Kn. Mørkve
Høgskulen på Vestlandet v/Lisbeth Dahle
Grunneigarlag Vik v/Ola Engum
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell v/Olav J. Bøtun



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Stølsheimen verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3129
sfvlpost@statsforvalteren.no
www.nasjonalparkstyre.no/Stølsheimen

SIMAS IKS
Festingdalsvegen 368
6854 KAUPANGER

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2022/575-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 19.09.2023

Renovasjonsordning - veglause grender i og nær Stølsheimen landskapsvernområde

Strendene grunneigarlag har tatt kontakt med verneområdeforvaltninga om utfordringar med levering av avfall frå dei veglause grendene langs Sognefjorden i Vik kommune. Dei meiner SIMAS ikkje legg til rette på ein god nok måte for at dei kan få levera avfall frå eigedomane sine. Dei må sjølve ordne med båtskyss og levering av avfall der bossbilen kan henta avfallet.

Stølsheimen verneområdestyre diskuterte utfordringa. Dei er uroa for at manglande tilrettelegging for levering av avfall kan føra til problem med forsøpling. På denne bakgrunn sender verneområdestyret ei oppmoding til renovasjonsselskapet SIMAS, om å leggje betre til rette for at dei veglause grendene langs Sognefjorden i Vik kommune kan få levera avfall på ein god og forsvarleg måte.

Med helsing

Sigbjørn Hauge
Styreleiar

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vik kommune

Postboks 134

6891

VIK I SOGN



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Stølsheimen verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3129
svf/post@statsforvalteren.no
www.nasjonalparkstyre.no/Stølsheimen

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2023/15986-0 432.2

Dykkar ref. «REF»

Dato 31.10.2023

Notat - møte om skjøtselsarbeid i Finnabotnen - 20.10.23

Landbrukssjef i Vik kommune og verneområdeforvaltar i Stølsheimen landskapsvernområde kalla grunneigarane i Finnabotnen inn til møte 20.10.23 for å drøfte skjøtselsarbeid i Finnabotnen og revidering av skjøtselsplan for Finnabotnen (rapport nr. 4 – 2003).

Deltakarar på møte:

Alexander Munster-Dahl – grunneigar gnr. 67, bnr. 1

Einar Johan Engvik – grunneigar gnr. 67, bnr. 2

Nils Kvamme – leverandør skjøtselsarbeid, Stølsheimen landskapsvernområde

Veronika Seim Bech – landbrukssjef Vik kommune

Anbjørg Nornes – verneområdeforvaltar Stølsheimen landskapsvernområde

Bakgrunnen for møtet var arbeidet med oppfølging av skjøtselsplan for Finnabotnen, og brev frå Vik kommune om krav om driveplikt av innmark. Dagens skjøtselsplan for Finnabotnen er ikkje oppdatert etter dagens driftsforhold i Finnabotnen, og bør reviderast.

Det er gjennomført kartlegging av naturtypar (NiN-kartlegging) i Finnabotnen. Innmarka er registrert som semi-naturleg eng (raudlista naturtype). Desse områda må slåast eller beitast for å ta vare på naturtypen. I konsesjonsvilkåra ved overtaking av landbrukseigedomane i Finnabotnen, sette Vik kommune krav om drift av innmarka i tråd med skjøtselsplanen for Finnabotnen. Landbrukssjefen understreka at det er naudsynt med slått av innmarka for å oppfylle konsesjonsvilkåra. Det vil sei at engene må slåast, og graset fjernast. Slåmaskin er beste utstyret for slått, men beitepussar kan brukast. Ved bruk av beitepussar vert graset kutta opp, og det er vanskelegare å fjerna graset. Gras som ligg att på bakken fører til gjødsling av enga. Dersom graset tørkar på bakken nokre dagar før det vert raka vekk, vert det mindre mengder gras, og lettare å fjerna graset/høyet.

Lenke til kart med naturtypar: <https://www.fylkesatlas.no/> Velg kartlag «Natur» og «Naturtypar» på høgre side. Klikk ulike stader i kartet for å få fram faktaark.

Rapport frå kartlegginga med tekst om Finnebotnen, side 23-28.

https://nedlasting.miljodirektoratet.no/NiN_Rapporter/BAS2021_MFU_9VL3_rapp.pdf

Verneområdestyret har brukt tiltaksmidlar for å restaurera område på Botnastølen, deler av Vetleflåten og deler av Storeflåten. Restaurering av område vil sei at områda er opna opp att ved å fjerna skog, og slå småbusker og bringebær med kantklyppar. I tillegg har verneområdestyret betalt for slått av innmarka rundt gardstuna i 2013, 2016 og 2019 for å unngå attgroing av slåtteengene. I 2022 vart gjerde rundt innmarka tatt vekk, og skogen opp




mot murane fjerna. I 2023 har verneområdestyret fått gjennomført slått langs murane rundt innmarka, og styva 2 almetre på austsida av Botnaelva. Verneområdestyret har kjøpt teneste hjå Nils Kvamme for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

I 2023 har grunneigarane utført slått av innmarka rundt gardstuna.

På møtet vart det diskutert kva område som bør prioriterast med skjøtelsarbeid framover. I skjøtelsplan frå 2003 er det råd om skjøtsel og restaurering av det meste av kulturlandskapet i Finnabotnen. Både kommunen, verneområdeforvaltar og grunneigarane meiner det er urealistisk å ta vare på alle kulturlandskapstypene i Finnabotnen med skjøtsel. Me vart einige om å arbeida vidare med områda som er lagt inn i kartet under, og med dei skisserte framlegga til skjøtselstiltak.

På møtet vart mange ulike metodar for slått og hausting lufta. Eit framlegg er å få ein gardbrukar til å slå og hausta innmarka. Eit anna framlegg er å lage eit arrangement rundt slått i Finnabotnen, der inviterte deltakara er med og slår graset og fjernar graset som gras eller tørrhøy.



Figur 1 Kartet viser område med skjøtelsarbeid.

Skjøtelsråd for slått av slåttemark og lauveng:

Dersom det finst skjøtelsråd for lokaliteten i Naturbase, bør ein følgje desse. Dersom det ikkje finst særskilte skjøtelsråd for lokaliteten, gjeld følgjande generelle rettleiing for drifta, jf. krav om at slått skal bli gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra:



Slått bør bli utført med lett, skjerande slåtteutstyr som ljà, lett slåmaskin med slåttekniv eller kantklyppar med firkant- eller trekantblad, avhengig av kva arealet toler. Ein skal ikkje slå lågare enn 7 – 10 cm for å skåne vitale plantedelar og insekt. Pussing med beitepussar blir ikkje rekna som slått.

Arealet må bli slått seint kvart år til dømes i løpet av juli eller tidleg august. Dei spesielle blomsterartane i gamle slåttenger er avhengige av sein slått for å overleve. Dersom slåttan blir for tidleg, rekk ikkje blomstrane å setje modne frø som kan spire neste år.

Graset/høyet må bli fjerna frå arealet. Gras som blir liggande igjen vil ha gjødslingseffekt, til skade for den artsrike vegetasjonen. Daudgras vil i tillegg gje dårlege spireforhold for plantene om våren, og det vil skape kjølegare og mørkare forhold der det vert vanskelegare for overvintrande insekt å klekke.

Framlegg til skjøtselstiltak

- Innmarka rundt tuna, Vetle-flåten, Store-flåten og Granden
 - Slått 2 gonger pr. år i 2 år, graset må fjernast. Der etter slått ein gong pr. år etter jonsok. Graset må fjernast.
- Øvre del av Granden og Ytreflåten
 - Rydde skog langs kantane for å halda areala opne. Slått ein gong i året på Ytreflåten. Graset må fjernast
- Botnastølen rydde skog og lauvoppslag for å halda det rydda område på selbøen ope.
- Styvingstre langs stien på austsida av Botnaelva
 - Restaurera enkelt tre
- Granfelta ovanfor tunet og ved Botnastølen – framand treslag i Finnabotnen
 - Grunneigarane er positive til at granfelta vert fjerna. Verneområdeforvaltar melder inn til Miljødirektoratet behov for tiltaksmidlar for å fjerna granfelta.

Framdrift og avklaringar

- Grunneigarane avklarar korleis dei vil gjennomføra slått av innmarka rundt gardstuna, slått av Vetleflåten, og slått på Ytreflåten og Granden etter restaurering av områda er ferdig.
- Verneområdeforvaltar avklarar med verneområdestyret om styret kan ta ansvar for vedlikehald av selbøen på Botnastølen og Storeflåten, restaurering av Granden og Ytreflåten, og styving av almetre.
- Verneområdeforvaltar avklarar med verneområdestyret om det er mogleg med delfinansiering av slåtteutstyr.
- Landbrukssjefen avklarar i kommunen om det er mogleg å søkja om tilskot til kaien som grunneigarane har bygd opp att i Finnabotnen, og om kommunen kan ordne lys på kaien.
- Verneområdeforvaltar inviterer til nytt møte vinteren 2024 for revidering av skjøtelsesplan.

Frist for å gje tilbakemelding på avklaringar i punkta over er seinast 30. november 2023.



Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakerliste:
Aleksander Munster-Dahl
Einar Johan Engvik
Nils Kvamme
Veronika Seim Bech, kandbrukssjef Vik kommune



Stølsheimen verneområdestyre

Saksbehandlar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2022/15789-23 432.2

Dykkar ref.

Dato 02.10.2023

Delegert vedtak

Delegasjonssak	10/2023
----------------	---------

Dispensasjon - Stølsheimen landskapsvernområde - plukke og transportere stein - Fjærestadhola til sti i Sendedalen

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre 05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:

Stølsheimen verneområdestyre gjev dispensasjon til å plukka steinar frå steinur i Fjærestadhola for å steinleggje det våte partiet ved Lars-Olavatnet i Sendedalen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Steinane skal plukkast enkeltvis og ikkje føra til terrenginngrep. Det kan plukkast steinar i inntil 4 storsekker.
- Det skal ikkje plukkast steinar i nærleiken av murane etter stølstuftene i Fjærestadhola.
- Det skal berre plukkast stein i Fjærestadhola til utbetring av stien i området ved Lars-Olavatnet.
- Det er berre partiet ved Lars-Olavatnet som skal steinleggjast.
- Storsekker med stein skal transporterast med helikopter frå Fjærestadhola til stien i området ved Lars-Olavatnet. Transporten skal gjennomførast i tidsrommet 01.10 – 01.11.2023.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta. Det kan ikkje plukkast stein frå området utan løyve frå rettshavarane/grunneigarane i området.

Dokumenter i saken

- Notat synfaring - Stølsheimen landskapsvernområde - sti i Sendedalen - Rv 13-Tverrgavlane - 04.07.2023

Bakgrunn for saka



Grunneigarar tilknytt stølar i Sendedalen kom med innspel til Stølsheimen verneområdestyre i 2022 om at det var bruk for utbetring av stien i Sendedalen. Det var spesielt trong for utbetring på våte parti på stien.

Stølsheimen verneområdestyre tok tiltaket med i tiltaksplan for 2023, og sette av inntil kr. 30 000 til arbeid i 2023.


I juli i år var det synfaring på tiltak på stien. Representant frå grunneigarane, representantar frå Voss Utferdslag og verneområdeforvaltar deltok på synfaringa. På denne synfaringa vart det vurdert tiltak på strekninga mellom Rv.13 og Tverrgavlane. Tiltaka er omtalt i notatet frå synfaringa som var 04.07.23. Det er punkt 5 frå dette notatet som er omtala i denne dispensasjonen. «*Dette er ei strekning som er målt til på ca. 30 meter med våt myr. Her må det leggjast steinar over heile strekninga. Det er lite steinar i tilknytting til stien. Det vart difor vurdert at det her er trong for å transportera steinar til plassen. Det vil vera bruk for ca. 3 storsekker med steinar. Steinane kan vera i storleiken ca. 30 kg*». Dei andre punkta i notatet er vurdert som mindre tiltak, og som vedlikehald av eksisterande sti, der det berre vert lagt enkeltsteinar på dei aller våtaste partia, og der steinen kjem frå området rundt stien.



Kart som viser punkt 5., der det er behov for steinleggjing over eit lenger parti.



Bilete av området ved Lars-Olavatnet som treng steinleggjing.



Transportrute frå Fjærestadhola til det våte området ved Lars-Olavatnet



Saka er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2017

Lovgrunnlag

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta punkt III:
«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske».

Det er forbod mot *«Alle inngrep eller verksemd som kan endre landskapets art eller karakter; så som ...drenering, og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og ...»* jf. punkt IV nr.1. Vanleg vedlikehald på eksisterande anlegg kan gjennomførast jf. Punkt V nr. 6. Det er opning for å gi løyve til bygging av klopper på nærare vilkår jf.punkt VI nr. 5.

Utbetningsarbeid med steinlegging av sti og uttak av stein er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta, og må vurderast etter nautmangfaldlova (nml) § 48; *Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».*

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

På stien inn Sendedalen har det vore aukande ferdsel av turgåarar og syklistar. Det har ført til auka terrengslitasje, spesielt på våte myrparti. På eit området ved Lars-Olavatnet er det ein strekning med våt myr som treng steinleggjing. Tiltaket inneber meir enn vanleg vedlikehald, og er eit søknadspiktig tiltak. Det må vurderast om uttak av stein i Fjærestadhola vil påverka landskapet. Det er ikkje reglar for uttak av stein eller steinlegging av sti i verneforskrifta. Søknad må vurderast som eit særskilt tiltak etter nml. § 48. I forvaltningsplan kapittel 6.9. Friluftsliv, er steinlegging på sti vurdert som aktuelt tiltak for å kanalisera ferdsel i myrområde der det ikkje er gode alternativ for å legge stien utanom myrområdet. Forvaltar vurderer det er heimel for å vurdere søknaden etter nml. § 48, jf. retningslinjene i forvaltningsplanen.

Kunnskapen om området er kjent gjennom arbeid med forvaltningsplanen og bruk av området. Karplanta Jøkelstarr (*Carex rufina*) veks i området og er vurdert som sårbar og fell innanfor trua artar (Naturbase 26.09.23). Derfor er det viktig med lite inngrep i leveområda. Utbetring av stien skal hindre at ferdsel og trakk breier seg utover eit større område. Av dyreliv er det dokumentert observasjon av vadefuglen Heilo (*Pluvialis apricaria*) som er nær tura. Området er også innafor Fjellheimen villreinområde. Det er eit registrert kalvings- og oppvekstområde, og ei trekkrute går like ved. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nm. § 9 er difor ikkje vektlagt.



Stien inn Sendedalen går i vått og myrlendt terreng mange stadar, og stien vert utvida av turgåarar som prøver å unngå dei våtaste partia. Steinlegging vil hindre vidare utviding av stien. Eit avgrensa område med steinlegging vil gje liten verknad på landskapet.

Det er lite stein i tilknytning til stien på punktet ved Lars-Olavatnet. Det er derfor naudsynt å transportera stein til plassen. På synfaringa vart uri i Fjørestadhola føreslått som ein grei plass å hente lokal stein. Plukking av enkelte steinar frå ura vil ikkje endra vesentleg på landskapet. Det er positivt at steinane som skal brukast i stien er henta lokalt, og med liten transportavstand. Grunneigarane i det aktuelle området det skal plukkast stein, har gitt munnleg tilbakemeldinga om at dei er positive til tiltaket. Etter ei samla vurdering meiner forvaltar tiltaket i liten grad vil føra til auka belastning på natur og økosystem jf. nml. § 10. Tiltaket med steinlegging vil ha liten negativ verknad på verneverdiane, og vil hindra auka slitasje i myrområdet.

Transporten av storsekker med stein vert gjennomført av forvaltninga. Transport i regi av forvaltningsstyresmakta er ikkje søknadspliktig, jf. verneforskrifta punkt V nr. 1.

Nml. § 11 er ikkje vurdert då tiltaket lite truleg vil føra til skade på naturen.

Steinlegging vil kunne påverka landskapet, og det må derfor vurderast om dette er den beste miljømessige metode jf. nml. § 12. Verneområdestyret har vore på synfaring i området saman med representant frå grunneigarane og representantar frå Voss Utferdslag. Det vart vurdert som vanskeleg å legge stien utanfor myra, då mykje av heile dette området er svært vått. På synfaringa vart det vurdert at steinlegging på denne strekningar vil vera den beste løysinga.

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar tiltaket ikkje er i strid med verneverdiane og verneføremålet, og vurderer det er heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til å gje løyve til å plukke steinar enkeltvis i Fjørestadhola for å steinlegge ein del av stien ved Lars-Olavatnet.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Olav Hirth	Myrkdalsvegen 715	5713	VOSSESTRAND
Leif Arne Lirhus	Myrkdalsvegen 733	5713	Vossestrand
Kurt Magne Hirth	Helgelandsvegen 53, Helgelandsvegen 53	5713	VOSSESTRAND
Øistein Hirth	Helgelandsvegen 46	5713	VOSSESTRAND
Gunnar Flisram	Helgelandsvegen 35	5713	Vossestrand
John Ivar Norheim	Myrkdalsvegen 746	5713	VOSSESTRAND
VOSS UTFERDSLAG	Postboks 55	5701	VOSS
Lars Mørkve	Myrkdalsvegen 676	5713	VOSSESTRAND
Statsforvaltaren i Vestland Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Arvid Berland	Helgelandsvegen 8	5713	VOSSESTRAND
SNO Aurland			



Arkivsaksnr: 2023/12201-0

Sakshandsamar: Maria Baudonnel
Underdal

Dato: 08.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	26/23	20.11.2023

Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - flytting av badestamp - gnr. 67 bnr. 3 i Vik kommune

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev avlag på søknaden om å setje opp badestamp bak huset på gnr. 67 bnr. 3 i Finnabotnen i Stølsheimen landskapsvernområde. Avslaget er gitt med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt IV nr. 1, og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Vedtaket er samtidig å rekna som eit varsel om retting av tiltaket, jf. naturmangfaldlova § 69.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta.

Saksopplysningar

- Søknad om badestamp i Finnabotnen, gnr. 67 bnr. 3 i Vik kommune, 01.08.2023.
- Avslag om badestamp i Finnabotnen, Stølsheimen verneområdestyre, behandla av styret den 28.08.2023.
- Søknad om å flytte badestampen i Finnabotnen, gnr. 67 bnr. 3 i Vik kommune, del 1 kom 11.10.23 og del 2 kom 06.11.23

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990.
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009.
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2017.
- Skjøtselsplan for Finnabotnen i Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 4 – 2003.
- Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, veileder fra Miljødirektoratet, M106-2014.
- Brev frå Miljødirektoratet, Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldloven § 48, 14/3524-, 2015.

Etter å ha fått avslag på å få behalde badestampen som var satt opp i Finnabotnen sumaren 2023 er det komen inn ein ny søknad om å flytte stampen og slik behalde den på eigedommen i Finnabotnen.



Bilete av badestampen slik den står i dag:



Del 1 søknad, 11.10.23

Først beklager vi at det har tatt tid å svare, men vi har da heller ingen intensjoner om å klage:) Tvert imot takker vi for et grundig begrunnet vedtak. Vi er takknemlige for at forvalteren er enig i at vår badestamp i seg selv ikke virker spesielt forstyrrende i miljøet. (Vi ønsket selvfølgelig selv også fra begynnelsen at den skulle falle inn, og vi synes som flere at det er leit med badestamper i fjellheimen med knallblått lokk, som dessverre er å se i fjellet bl a i Vik kommune!) Vi forstår derimot argumentet ifm presedens. Det vi nå søker om - med dette svaret - er følgende: Tillatelse til å sette badestampen SKJULT fra fjorden - BAK huset vårt i Finnabotn 3. På denne måten vil vi fremdeles kunne ha stor glede av den uten at den vil virke sjenerende ift landskapet. Kun ytterst få, nysgjerrige turgåere vil muligens få et glimt av den da den der vil stå slik at BÅDE huset OG skråningen skjuler den. Når det gjelder fjerning, evt flytting, søker vi om lov til å gjøre dette til våren - senest i løpet av mai måned. Det var en kronglete operasjon som krevde flere mann for å få den på plass der den står nå. Det må naturligvis like mange krefter til for å flytte den. I løpet av de kommende månedene er trafikken i Finnafjorden minimal ift i sommermånedene. Derfor tror vi ikke det blir noen utfordring ifm presedens. Om noen likevel skulle bruke oss som argument i søknad om egen stamp, vil forvalteren kunne gi svaret at stampen skal flyttes i løpet av våren. Vi håper på positivt svar på denne henvendelsen og takker igjen for at vår første søknad ble godt gjennomarbeidet.

Mvh Paolo Angel og Gullveig Tenold



Del 2 søknad, 06.11.23

Søknad ifm ønske om flytting av badestamp i Finnabotn 3.

Vi takker for grundig gjennomarbeidet avslag på søknad ift badestamp i Finnabotn 3. Vi forstår argumentet om presedens, men søker likevel om å få flytte badestampen slik at den blir stående BAK huset vårt MELLOM dette og høyden bak. Slik vil stampen stå svært skjermet - se gjerne e-post / søknad fra 11/10 2023 der vi skriver noe mer i detalj om dette. Vi opplever stor glede ved å ha badestampen i Finnabotn. Vi fisker ikke og driver ikke jakt, så stampen er en kjærkommen aktivitet når sommeren er over. Vi ser det som utfordrende at vi ved eventuelt avslag på denne søknaden helt lovlig KAN sette opp en plastikkstamp som forøvrig også tåler minusgrader. Etter samtale med Maria B. Underdal nevner jeg det nå da det er en reel mulighet for at vi vil komme til å gjøre dette. Det vil være trist å sette opp en stygg plaststamp i Finnabotn, noe vi selv ikke satte pris på da en slik stod fremme en hel sommersesong for ett år siden. Vi er klar over at en plaststamp ikke kan stå fremme fast, men det vil f eks være naturlig å tappe den for luft og ta den inn når vi evt ikke kan reise inn i fjorden i løpet av de værste vintermånedene. Selv om vi synes plastalternativet er veldig dårlig, føler vi at det er rett av oss å nevne at vi tenker på dette som et alternativ da gleden ved å nyte stampen nok vil overgå ergrelsen over platen. Vi opplever det som mest redelig å nevne dette nå. En flyttbar plaststamp vil det være naturlig å sette på samme sted der trestampen står nå i om at utsikten der er uslåelig. Vi mener at et kompromiss ift plassering av trestampen er alternativet som på sikt er det beste.

Mvh Paolo Angel og Gullveig Tenold

Vedlagt: Bilde av tomt med ønsket plassering.





Lovgrunnlaget

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta punkt III: «Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske».

Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter «så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, fjerning eller inngrep i faste kulturminne frå nyare tid, så som bygningar...» jf. punkt IV nr.1. Badestamp er ikkje omtalt i verneforskrifta, og tiltaket må difor vurderast etter den generelle dispensasjonsregelen som er § 48 i naturmangfaldlova: «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensyn til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Vurderinga og konklusjonen i førre søknad:

Finnabotnen er ein av to busette grender innanfor Stølsheimen landskapsvernområde. Det er to gardsbruk i Finnabotnen, og ein eigedom med bustadhus. Det er denne eigedomen, gnr. 67 bnr. 3, som søkjer om å få ha ståande badestampen dei sette den opp i sommar. Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit ..fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep». Det er forbod mot inngrep som kan endra landskapet. Badestampen er ikkje eit større teknisk inngrep og tiltaket aleine kan falle inn under bagatellmessige inngrep. Forvaltar vurderer difor at det er heimel for å vurdere om vilkåra i § 48 er oppfylt. I denne saka kan det vera aktuelt å vurdere dispensasjon etter fyrste ledd og fyrste alternativ: «ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig».

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde og skjøtelsesplanen for Finnabotnen. Det er ikkje registrert sårbare artar eller naturtypar i nærområdet som vil verta påverka av tiltaket (Naturbase 18.08.2023). Det er heller ikkje freda kulturminne som vert påverka av tiltaket. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastning på økosystemet av tiltaket jf. nml. § 10. Badestampen er eit lite tiltak som står på grasbakken utfor huset, og vil ikkje ha direkte verknad på økosystema i naturlandskapet rundt. Det er ikkje gjort fysiske inngrep i terrenget for å plassera badestampen, og den er difor eit reversibelt tiltak som lett kan fjernast. Den samla belastninga på økosystemet er vurdert som akseptabelt.



Det må i tillegg vurderast om saka kan gje presedens for tilsvarende saker, og om fleire badestampar i dette landskapsvernområdet kan endra landskapets art og karakter, og slik vera i strid med verneføremålet. Denne saka kan også gje presedens for andre landskapsvernområde. I Nærøyfjorden landskapsvernområde er det gitt løyve til å sette opp badestamp på Øvste Stigen. Dette er ein høgdegard utan innlagt vatn, og badestampen vart vurdert som viktig tiltak for å heva standarden for dei eigarane som driv aktivt skjøtsel av kulturlandskapet på garden.

Finnabotnen og Finnen er område med gardsbruk, og som har hatt fast busetnad. Det er berre i Finnen det er busette i dag. Bustadhuset i Finnabotnen har innlagt vatn og straum. Badestamp er difor ikkje naudsynt for å heva standard for bustadhus til dagens standard. Eigedomen i Finnabotnen vert nytta som fritidseigedom, og badestampen er ynskjeleg for å auka opplevinga. Det er forståeleg at søkjar ynskjer å behalda badestampen dei har sett opp, og dette eine tiltaket vil ha liten verknad på landskapets art og karakter i Finnabotnen.

Den er sett nær den utvida plattingen på gjestehuset, som er tett på og inn over eigedomen deira. På oversiktsbilde av Finnabotnen er badestampen lite dominerande i landskapsbilde.

Argument som talar mot å gje løyve til badestampen, er at saka vil kunne gje presedens for tilsvarende saker i dette og andre landskapsvernområde. Det er fleire hus og hytter i dei busette områda nede ved fjorden som i dag vert nytta som fritidseigedom, og der kan det potensielt koma søknad om badestamp. Samla sett vil det gje negativ påverknad på landskapets art og karakter. Når ein skal vurdere om dispensasjon skal bli gitt må ein ta ei skjønsmessig vurdering. Da er det også relevant å vurdere behovet for tiltaket opp mot tiltaket si påverknad på verneføremålet og verneverdiane. Badestampen ser ikkje ut til å dekke eit tydeleg behov i forhold til at det vil skape presedens for tilsvarende saker. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn av tiltaket er i strid med verneføremålet, og at det difor ikkje er heimel til å gje løyve til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48.

Nml. §§ 11-12 er ikkje vurdert i denne saka, då det er innstilt på avslag på søknaden.

Vurderinga frå førre vedtak vert lite endra av det som kjem fram i ny søknad. Å flytte stampen bak huset vil truleg gjere den mindre synleg, spesielt frå fjorden. I skjøtelsesplanen for Finnabotnen frå 2003 står det «Eventuell endring av bygningane bør skje mot vest og på oppsida av husa; minst synleg frå fjorden». Det samsvarer med skjøtelsesplanen at endringar på bygningar bør skje vekk frå fjordsida, spørsmålet er om ein stamp fell under dette. Skjøtelsesplanen opnar ikkje opp for endring av bygg, men seier noko om korleis desse eventuelle endringane bør skje. I vurderinga frå avslaget på første søknad er det uttalt at dette eine tiltaket åleine vil ha liten verknad på landskapets art og karakter i Finnabotnen uavhengig av kvar den står ved huset. Det som var hovudargumenta som førte til avslag i denne saka var presedensverkanden og vektlegginga av behovet opp mot konsekvensen av presedensverknaden. Det var altså den samla påverknaden ved ei opning for badestampar ved hus og hytter i både dette og andre landskapsvernområdet som ville påverke landskapets art og karakter, og slik var i strid med verneføremålet. Totalt sett har derfor vurderinga endra seg så lite at det ikkje er grunnlag for å endre på innstillinga.

Ein plastbadestamp som er meint å brukast over fleire år, og som har same føremål som ein badestamp i tre, vil vera ei omgåing av regelverket, og vert difor vurdert som eit søknadspiktig tiltak på lik linje med ein fast montert badestamp i tre.



Konklusjon

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-10, meiner forvaltar tiltaket vil ha verknad på landskapets art og karakter, og er med det i strid med verneføremålet for Stølsheimen landskapsvernområdet. Forvaltar innstilling på avslag i saka med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt IV nr. 1, og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.



Arkivsaksnr: 2023/16900-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 08.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	27/23	20.11.2023

Stølsheimen verneområdestyre - tiltaksplan og SNO-ressursar 2024

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre vedtek tiltaksplan og bestilling av SNO-ressursar for 2024. Forvaltar kan i samråd med styreleiar justera budsjettet før det blir sendt til Miljødirektoratet innan fristen i januar 2024.

Tiltaksplan for Stølsheimen 2024, prioritert rekkefølge	
Kort omtale av tiltak	Budsjett 2024
Framande tresalg	
Fossesete - Dokumentera kva som skjer etter hogsten. Fjerna smågran i nærområde (<i>avsett midlar i Vik kommune</i>)	20 000
Hogst granfelt under Fossesete v/stien (<i>avsett midlar i Vik kommune</i>)	60 000
Fjerna framande artar, klasespirea, Vetlestraumen	5 000
Skjøtsel av kulturlandskap	
Administrasjon, prosjektleiar	30 000
Sylvarnesdalen – slått, Hansinaselbøen – rydde skog	10 000
Negardstølen – restaurering selbø	10 000
Rotteskaret - restaurering selbø	20 000
Finnabotnen – Restaurering kulturlandskap - Botnastølen, Storeflåten, Granden, Ytsteflåten	40 000
Hest – restaurering stølsbø	15 000
Brydalen – restaurering stølsbø	30 000
Tilsyn stølsbø - Åsedalen, Hallsetstølen	5 000
Dunevollen – restaurering stølsbø	10 000
Vøvringen – restaurering stølsbø	10 000



Tilsyn stølsbø - Mørkves-Grøndalen, Skjervheims-Grøndalen, Finnbuene, Rappen, Raudberg, Hestfjellet	12 000
Skjøtsel av stølsveggar og stiar	
Restaurering av vegmur på sti frå Ålrek til Skardsvatnet	400 000
Tiltak på sti til Åsehidleren	15 000
Tiltak på sti Sendedalen	10 000
Rydde fram gamal sti i Sylvarnesdalen	10 000
Sti Finnabotnen - Fagerdalen, mur + vedlikehald	30 000
Informasjonstiltak	
Innfallsport Vik sentrum: 1 skilt. Reparasjon Gryteberg 1 skilt i 2024 (<i>avsett midlar Vik kommune</i>)	20 000
Parkeringsplass på Tenne (<i>avsett midlar Vik kommune</i>)	50 000
Innfallsport Modalen: 4 skilt, utforming parkeringsplass	259 000
Innfallsport Vaksdal: 4 skilt, utforming parkeringsplass	227 000
SUM	1 298 000

Bestilling av SNO-ressursar 2024
Kontroll dispensasjonssaker
Kontroll motorferdsel vinter - Vikafjellet
Kontroll, byte av verneskilt
Tilsyn skjøtelsesarbeid i kulturlandskapet, delta i skjøtsel
Delta på møte med verneområdestyre og RU
Oppsett av enkle temaskilt

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Strategi for bruk av tiltaksmidlar 2020-2025, Miljødirektoratet
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2020

I statsbudsjettet er det sett av tiltaksmidlar til forvaltning av verneområde. Det overordna målet for bruk av tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda vert oppretthalde og betra. I strategien for 2020-2025 vert det prioritert tiltak i verneområde der verneverdiane er trua. Klimaendringane er venta å føra til auka stress for mange artar og naturtypar i verneområde, og kan gje endringar i samansetning av artar. Dei største negative påverknadsfaktorane på verneområde på nasjonalt nivå er attgroing, framande artar, forstyrringar av dyrelivet, tekniske inngrep og slitasje på vegetasjon. Tiltaksmidlar som er med å motverka negative påverknadsfaktorar vert prioritert.

Tiltaksmidlane kan nyttast til å restaurera forringa natur i våtmark, skog, fjell og kulturlandskap og ope lågland. Vi er inne i FN's tiår for naturrestaurering (2021-2030). Restaurering av natur er naudsynt for å stoppe tapet av naturmangfald og under det verknaden av klimaendringane. I Stølsheimen vil restaurering av stølsområde og kulturlandskap rundt gardsbruka i Finna fjorden vera tiltak for å ta vare på naturmangfaldet.



Tiltaksmidlane kan nyttast til naudsynte tiltak for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stiar, klopping og merking for å betre tilgjenge i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlar kan også brukast til delfinansiering av større tilretteleggingstiltak som informasjonspunkt, toalettbygg og parkeringsplassar i tilknytning til verneområde.

Alle innmeldte tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltnings- eller skjøtselsplan, besøksstrategi eller andre relevante styringsdokument. Alle informasjonstiltak skal vere i samsvar med ny merkevare for Noregs nasjonalparker.

Midlane skal nyttast til tiltak i forvaltningsmynde sin eigen regi, evt. til kjøp av tenester for gjennomføring av tiltaka. Midlane kan ikkje nyttast som tilskot til andre aktørar. Tiltaksmidlar blir vanlegvis ikkje prioritert til ivaretaking av kulturminne. Vedlikehald av bygningar blir ikkje støtta, men steingjerde, gravrøyser og fangstsystem kan vurderast samfinansiert med kulturminnemyndigheita.

Miljødirektoratet har sett opp fylgjande prioriteringar ved bruk av tiltaksmidlar:

- 1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyst blant disse tiltakene*
- 2. Løpende skjøtselstiltak*
- 3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging*
- 4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk*
- 5. Bruk av merkevaren i øvrige verneområder*
- 6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)*

Tiltaka skal vera forankra i forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernområde, besøksstrategi og tilhøyrande skjøtselsplanar. Rådgevande utval (RU) for Stølsheimen, administrativt kontaktutval og SNO skal vera med i utarbeidinga av tiltaksplanen. Tiltaka i planen er lagt fram med bakgrunn i forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde rapport nr. 1 - 2017, besøksstrategien og vurderinga av pågåande tiltak og nye tiltak.

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda. I planleggingsmøte med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Frist for innmelding av tiltak og bestilling av SNO-ressursar til Miljødirektoratet er januar 2024.

Vurdering

Forvaltar legg fram i møte forslag til tiltak i 2024 med bakgrunn i tiltaksplan for 2024 til 2028. Tiltaksplanen vert lagt fram på bakgrunn av forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde og besøksstrategien for Stølsheimen. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av evalueringmøte med SNO av gjennomførte tiltak i 2023, og framlegg til nye



tiltak frå grunneigarar og andre. Styret må gå gjennom innspela og prioritera tiltaka, i tråd med føringane frå Miljødirektoratet.

I 2019 var det planlagt hogst av eit granfelt på Tenne i Arnafjorden. Grantrea i dette felteter både i og utanfor landskapsvernområdet. Dette granfeltet vart ikkje hogd, og deler av midlane som var sett at til dette prosjektet er ikkje brukt. I tillegg er det satt av ein mindre pott til informasjonstiltak i Vik som heller ikkje er nytta. I tiltaksplanen for i år rår forvaltar til at midlane som er sett av i Vik kommune vert brukt til hogst og tilretteleggingstiltak i 2024, desse summene står i kursiv i tabellen over.

Skjøtselstiltak for å ivareta verneverdiane

Trusselfaktorar for verneverdiane i Stølsheimen landskapsvernområde er i hovudsak attgroing av kulturlandskapet, og spreiring av framande artar. For å redusera negative påverknadsfaktorar som attgroing og spreiring av framande artar, bør det prioriterast skjøtselstiltak og tilretteleggingstiltak. Pågåande skjøtelsprosjekt har prioritet 1, og nye tiltak i område som er akutt trua og med behov for skjøtsel har prioritet 2. Det er sett i gang restaurering og skjøtsel av fleire stølar i Stølsheimen, og av kulturlandskapet i Finnabotnen. Dette arbeidet bør prioriterast vidare.

Gardane på sørsida av Sognefjorden har stølane sine i fjellet i Stølsheimen. Dette er svært lange buførevegar som viser kor viktig fjellområda var for gardane ved Sognefjorden. Buførevegen frå Ålrek til Vøvringen er ein av desse stiane, og på stien er det fleire oppmura parti. Desse murane er i ferd med å rasa saman på nokre punkt. Buførevegane er ein viktig del av kulturminna i Stølsheimen landskapsvernområde, og det har difor stor verdi å setja i stand murane på stien. Tiltaka er planlagde i 2023, og bør gjennomførast i 2024.

Buførestiar og turstiar i Stølsheimen vert i stord grad nytta av turgåarar i tillegg til stølseigarane i Stølsheimen. På stiane med størst ferdsel er det årleg vedlikehaldsbehov. Ein av desse stiane er turstien i Sendedalen. I år vart det gjennomført kartlegging av stien, og det vart transportert steinar til stien der det er størst trong for tilrettelegging for å avgrensa skade i myrområde. Forvaltar rår til at det vert lagt inn tiltaksmidlar i 2024 for å fullføra tiltaka som vart starta opp i 2023.

Framande artar

I 2022 vart det utført hogst av eit lite granfelt under Fossesete. Trea vart felt og kvista, og tømmerstokkane vart kappa opp og lagt i terrenget. Dette tiltaket må fylgjast opp for å sjå utviklinga i området etter denne hogsten. Ut i frå desse erfaringane er det lagt inn tiltak av hogst av det andre feltet under Fosseste.

Undre NiN-kartlegging i Finnafjorden vart det registrert framande artar i Finnen. Desse artane bør fjernast for å hindre vidare spreiring i verneområdet.

Informasjonstiltak

Besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde vart godkjent i 2020, og tiltaksplanen gjekk ut i 2023. Kommunikasjonsplan vart utarbeida som eit vedlegg til besøksstrategien for same periode. Det er mange av tiltaka i desse planane som ikkje er fullført, og tiltak frå planane vert difor lagt til grunn for framlegg til tiltak i 2024. Vi planlegg å få fullført oppføring av skilt i Vik og Høyanger, og startar arbeidet med informasjonspunkt i Modalen og Vaksdal. På Tenne i Arnafjorden er det planlagt ny parkeringsplass ved startpunkt til Stølsheimen. I



Modalen og Vakdsal vil det vere ynskje og behov for midlar til design og planlegging av informasjonspunkt, og delfinansiering av infrastruktur som parkeringsplassar og liknande.

Kartlegging og overvaking

Siste åra er det registrert ein auka aktivitet med snøskuter i grenseområda til Stølsheimen. Det bør gjennomførast meir kontroll med motorisert ferdsel i sentrale deler av Stølsheimen der det er lett tilkomst med snøskuter på vinteren.

Det må gjennomførast kontroll av dispensasjonar som er gjeve av verneområdestyret til bygg og andre anlegg i verneområdet.

Det vert bestilt SNO-ressursar til kontroll av dispensasjonar som er gjeldande, og ev nye dispensasjonar i 2024.



Arkivsaksnr: 2023/16607-0

Sakshandsamar: Maria Baudonnel Underdal

Dato: 13.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	28/23	20.11.2023

Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2024

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre skal ha jamlege møte i 2024 for å handsame saker i verneområdestyre, og fylgje opp tiltak i forvaltningsplan og besøksstrategi.

Styret tek sikte på fylgjande årshjul:

Februar:	Styremøte med revidering av tiltaksplan for 2024
Mars:	Konferanse for alle verneområdestyra i Vestland, og styremøte
April/mai:	Styremøte teams
Aug./September:	Styremøte med dialogmøte og synfaring med rådgjevande utval
November:	Styremøte med planlegging av året som kjem

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta, kan eit møte avlysast eller utsettast. Styret kan avgjera om nokon av møta kan gjennomførast som digitale møte.

Styret vedtek driftsbudsjett for 2024. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera mindre endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen januar 2024. Satsar for møtegodtgjersle vert oppdatert i januar i trådmed statens personalhåndbok.

Driftsutgifter for styret 2024	
Møtegodtgjersle	104 743
Reiseutgifter	16 000
Møteutgift inkl. dialogmøte med RU og konferansen	32 300
Delfinansiering Felles konferanse for verneområdestyra i Vestland	5 000
Drift av nettside - besøksforvaltning	6 000
Sum driftsutgifter	154 043
Utgifter i samband med planarbeid	
Utgreiingar for skjøtselsplan i Finnafjorden	80 000



Totalt berekna kostnader	244 043

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for Statsforvaltaren og verneområdestyrer – innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og bestilling av SNO-ressurser – 2023, *Miljødirektoratet* 02.11.2022

I fylgje vedtektene, bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer (punkt 7). I 2023 møtte styret 6 gonger:

- 10. februar: Styremøte med fordeling av tiltaksmidlar på Voss
- 27. mars: Styremøte på Teams
- 28. april: Styremøte på Teams
- 09. juni: Styremøte på Teams
- 28.-29. august: Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval på Selhamar turisthytte.
- 20. november: Styremøte/planleggingsmøte for 2024 på Voss.

I brev frå Miljødirektoratet datert den 02.11.2022 vert det informert om at verneområdestyre kan melde inn behov for midlar til drift av verneområdestyre. Det vert vidare sagt at dersom det er midlar innanfor rammene, kan det gjevast midlar til naudsynt kartlegging som grunnlag for utarbeiding av skjøtselsplanarar, forvaltningsplanar og besøksstrategiar. Frist for søknad om midlar til dette føremålet er januar 2024.

Vurdering

Forvaltar foreslår å legge opp til 5 styremøte i 2024, fordelt utover året ettersom når det pleier å vere mange/viktige saker å handsame. To viktige møtetidspunkt for verneområdestyret kvart år er i februar og i november. I februar er det prioritering av tiltak, og i november er det planlegging av tiltak for neste år. I mars er det planlagt felles konferanse med kompetanseprogram for alle verneområdestyra i Vestland, og vi foreslår å ta eit styremøte i samband med denne når styret allereie er samla.

For at styret skal få best mogleg kunnskap om verneområdet dei har forvaltningsansvar for, bør nokon av styremøta gjennomførast i kombinasjon med synfaringar i området. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt er mellom juni og september, avhengig av snømengde og mål for synfaringa. I Stølsheimen har ein også valt å ha dialogmøtet i samband med ei slik synfaring. I 2023 vart det tur frå Kvilesteinsvatnet til turisthytta på Selhamar. Fyrste dagen var det synfaring til damanlegget i sørenden av Vassøyane. Andre dagen var det synfaring på stien gjennom ura under Raudberget, og tur til toppen av Raudberget.

Miljødirektoratet løyvde kr 163 000 til drift av Stølsheimen verneområdestyre for 2023, og kr 30 000 til utgreiing til skjøtselsplan i Finnafjorden i 2023. Ein ligg ikkje ann til å bruke opp heile budsjettet for 2023. Budsjettet for 2024 er om lag det same som 2023, sjølv om me her har lagt inn utgifter i samband med konferansen for nye verneområdestyrer i Vestland. Berre litt av midlane til utgreiing til skjøtselsplan i Finnafjorden vart brukt i 2023. Dette punktet vert



derfor med vidare inn i 2024, men med ein høgare sum, da det er kome fram eit behov for ei detaljregistrering av verdiane i det som gjennom NIN kartlegginga står oppført som semi-naturleg eng.